

# Kulturmiljø av regional interesse i Time kommune

Dette dokumentet er eit uttrekk frå temakart-Rogaland og viser kulturmiljø av regional interesse som er del av Regionalplan for kulturmiljø.

[Sjå oversikten over heile Rogaland i ei interaktiv kartløysing i Temakart-Rogaland.](#)

Oversikta er eit kunnskapsgrunnlag for vidare planlegging og utvikling i kommunane, og skal bidra til føreseielege prosessar gjennom at informasjon om kva som er regionalt viktige kulturmiljø og landskap, blir kjent og tilgjengeleg. [Du finn meir informasjon om oversikten i Regionalplan for kulturmiljø kapittel 7 og 8.](#)

I tillegg til kulturmiljøa i dette dokumentet er kulturmiljø og landskap registrert av Riksantikvaren og ein del av regionalplanen. Desse er i frå Riksantikvarens nasjonale register over kulturmiljø og landskap( NB!-registeret og KULA), Utvalde kulturlandskap i jordbruket(UKL) og freda område og kulturmiljø (Askeladden).

[Les meir om kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse.](#)

[Les meir om Utvalde kulturlandskap i jordbruket hjå statsforvalteren.](#)

## Innhald

Kulturmiljø av regional interesse i Time kommune .....	1
Bryne sentrum .....	2
Fotland .....	6
Gymnashøgda .....	9

## Bryne sentrum

id	102
Namn	Bryne sentrum
Kommune	1121 - Time
Tema	Busetting by- og tettstadutvikling, Industri og næring
Periode	1800-1999
Kjelde	Kulturminneplan Time kommune 2008 - 2019, Sentrumsplan 2016 - 2026
Vernestatus	Kulturminneplan, Omsynssone (tbl)

### Skildring

Bryne vart etablert som ein av fleire stasjonsbyar langs Jærbanen, som vart bygd i 1878. Det vart bygd bedehus (Saron, 1878), krambu, industri og meieri, og det vokste fram ein jordbruksbasert industri.

I 1898 vart Jæren meieri opna. Ullvarefabrikken og meieriet fekk mykje å seia for Bryne sin vekst. Kornmottaket og Bryne mølle dannar i dag eit lite miljø knytt opp til industri og landbrukshistoria.

Store delar av Storgata og Smiegata har behalde det opprinnelige gateløpet, og kan opplevast som ei bygate med småhusbebyggelse frå ulike periodar. Bygga varierer når det gjeld materialbruk, farge, høgder og volum, men det blir danna eit heilskapleg miljø med kvartalsbusetnad og 2 - 3 etasjars byggehøgd.

Trekantkvartalet ved torget består av busetnad frå perioden 1918 til 1965. Det var eit knutepunkt for foredling og sal av mat, og dessutan at hovudvegen gjekk tvers igjennom kvartalet. Bygningane dannar den opphavlege trekantforma kvartalsstrukturen.

### Omfang

Kulturmiljøet består av områda langs Storgata og Bryneåna, mellom Bryne mølle til jernbanestasjonen.

### Regional interesse

Bryne si historiske utvikling har bakgrunn i byen sin status som stasjonsby med tilhøyrande næring og forretningsverksemd. Dei ulike funksjonane har hatt ei viktig rolle i utviklinga i regionen, og har gitt byen fleire identitetsskapande og særprega bygningsmiljø som også representerer viktig historie i ein regional samanheng.

## Sårbarhet og forvaltning

Det bør sikrast eit samspele mellom gamalt og nytt i kvartalsstrukturen.


Dei mest verneverdige bygninga er markert med omsynssone i kommunedelplan for Bryne sentrum (2016)

## Hovudbilde



Bryne mølle og elveparken.

## Kartutsnitt



Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø  
Sist endra 19.05.2023

### Bildevedlegg 1



Storgata i Bryne.

### Bildevedlegg 2



Møllefossen

### Bildevedlegg 3



## Torget i Bryne sentrum

### Fotland

id	103
Namn	Fotland
Kommune	1121 - Time
Tema	Industri og næring
Periode	1800-1999
Kjelde	Kulturminneplan Time kommune 2008-2019 (2008), infoskilt ved Fotland  mølle. Riksantikvarens Nasjonal verneplan for tekniske og industrielle kulturminne (1994).
Vernestatus	Kulturminneplan

### Skildring

Miljøet omfattar Fotland mølle, bygd i 1845, og Fotland kraftstasjon, bygd i 1915.

Fotland mølle, som ligg sør for Hå-åna og Fotlandsfossen, består av to kvernhus, mølle og torvhus. Området ved Fotlandsfossen har i uminnelege tider vore knytta til kvern- og mølledrift. Dagens mølle blei bygd i 1845, men det er dokumentert mølledrift her tilbake til midten av 1600-talet. Fotland mølle vart driven av den same familien i fire generasjonar fram til 1970. Time kommune overtok området i 1972. Mølla vart då restaurert og gjenopna som museum i 1995.

Fotland kraftstasjon blei opna i 1915 og skulle forsyne Time kommune med straum "i al overskuelig Fremtid" Det varte i tre år! Då kraftstasjonen braut saman i 1972, grunna turbinhavari, leverte stasjonen berre 2 % av årsforbruket i heile kommunen. Etter nedlegginga i 1972 blei det arbeidd for at stasjonen skulle bli museum. Og 1. september 1977 vart stasjonen opna igjen som teknisk museum. I 1991 blei han gjort om til vasskraftmuseum for Jæren. Kraftstasjonen inneheld demning, røyrgate og kraftstasjonsbygning. Time kommune overtok området i 1972.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø  
Sist endra 19.05.2023

## Omfang

Miljøet omfattar Fotland kraftstasjon på nordsida av Hå-åna og Fotland mølle på sørsida av Hå-åna.

## Regional interesse

Del av eit større miljø med kraftstasjon, mølle, kvernhus og torvhus. Miljøet har opplevingsverdi knytta til kvern-, mølledrift og kraftproduksjon.

## Sårbarhet og forvaltning

For å bevare miljøet er det viktig at bygningane vert tekne vare på og at området vert forvalta i tråd med verdien.


Særleg kraftstasjonen er sårbar for forfall. Dette gjeld til dels også bygningane som er knytta til Fotland mølle.

## Hovudbilde



Fotland mølle

## Kartutsnitt



## Gymnashøgda

id	155
Namn	Gymnashøgda
Kommune	1121 - Time
Tema	Administrasjon fellesskap makt og demokrati
Periode	1900-1999
Kjelde	Kulturminneplan Time kommune 2008-2019, Norges bebyggelse (1957), kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026
Vernestatus	Omsynssone (pbl), Kulturminneplan

### Skildring

Innanfor området ligg Rogaland offentlege landsgymnas( gnr 1 bnr 290) Bryne skule(bnr 1/bnr 193) og 1900 – talshuset( gnr 1 bnr 71) som er Bryne sitt andre skulehus, bygd i 1900 (det første var "Barkvedhuset"). Innanfor området er det ei privat einebustadtomt (gnr/bnr 1/483). Dette er den tidlegare rektorbastaden til den første rektoren på landsgymnaset, Edvard Brakstad.

Rogaland offentlege landsgymnas vart oppretta i 1924, men då som eit privat landsgymnas. Det første initiativet til skulen blei teke av rektor Jonas Line. Gymnaset fekk eksamensrett i 1929 og vart statleg i 1947. Det var det sjunde landsgymnaset i landet. Rogaland offentlege landsgymnas er i dag ein del av Bryne vidaregåande skule.

Bygga i området er godt plasserte inn i landskapet, i forhold til kvarandre og uteromma. Dette gir eit innbydande område med fleire ulike, men samanhengande, landskapsrom. Den bevaringsverdige parkdelen Geidahodnet ligg øverst. Dette er også eit tydeleg høgdedrag i Bryne sentrum.

### Omfang

Fleire generasjoner skulebygg. Omfattar Rogaland offentlege landsgymnas, Bryne skule og 1900-tals huset( brynes 2. skule) og parken Geidahodne

### Regional interesse

Bygningsmiljøet på Gymnashøgden representerar utdanning i Rogaland på 1900-talet, heilt fram til dagens bruk som barne- og ungdomsskule.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø  
Sist endra 19.05.2023

Miljøet fortel om eldre filosofi og politikk for utdanning, og har kunnskap og bruksverdi.

## Sårbarhet og forvaltning


Gymnaset og 1900-talshuset med i Kulturminneplan Time kommune 2008-2019, og vist som omsynssone H570 – bevaring kulturmiljø i sentrumsplan. Bryne skule er også regulert til omsynssone h570 i sentrumsplan.

## Hovudbilde



Rogaland landsgymnas.

## Kartutsnitt



Kartutsnitt per 11.22

## Bildevedlegg 1



Parken ved gymnaset